



Prosjektkoordinator Ingun Ulstein saman med dei lokale sjukepleiarane Ellen Schwencke og Evelyn Mehl Willumsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Betre livskvalitet og større evne til å meistra utfordringane for dei som har demens og deira pårørende er målsetjinga for eit nasjonalt studie som omfattar 320 personar og 17 norske kommunar og skal gå over to år. Kvinnherad er den einaste kommunen i Sunnhordland-området som er med i opplegget.

Herifrå vil 12 familiar bli plukka ut for deltaking, men det kan bli aktuelt å auka antalet hvis det melder seg fleire.. Det er eit faktum at pårørende har auka fare for helseplager. Truleg er halvparten av dei belasta og 25 prosent har ein depresjonsdiagnose.

Dei som ønskjer å vera med eller treng meir informasjon kan ta kontakt med dei lokale kontaktane, sjukepleiarane Ellen Schwenke (frå Uskedalen, telefon 996 19292) eller Evelyn Mehl Willumsen (telefon 920 34289)

I Kvinnherad er berekna tal på personar med demens 230 medan pleie- og omsorgsteneste har kjennskap til rundt rekna 180.

I institusjon i vår kommune er det 171 korttids- og langtids plassar.

Det antas at vel 80 prosent av dei som bur i sykeheimari landet har ein demenstilstand, opplyser prosjektkoordinator Ingun Ulstein frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse ved Oslo universitetssykehus Ullevål.

Ho har i dag vore i Kvinnherad og hatt møte med sentrale personar i opplegget.

Halvparten av deltakarane i studiet - dei som har demens og dei næraste pårørende – skal delta i eit strukturert støtteprogram med rådgjevningsamtalar, undervisning om demens og deltaking i åtte gruppesamtalar over eitt år.

Den andre halvparten får vanleg oppfølging gjennom kommunen sitt eige opplegg og kan be om hjelp etter behov.

Målsetjinga er å samanlikna nytteverdien av eit strukturert støtteprogram med tilbod om hjelp etter behov i høve til betre meistring og auka livskvalitet. Spørsmålet er: Kva tilbod om støtte fungerer best?

Kvinnherad verkar godt rusta på dette feltet når det gjeld kompetanse. Kommunen har i eitt års tid hatt eit eige demensteam leia av Aslaug Hellesøy og elles beståande av soneleiarane. Det er ein skjerma avdeling for demente på kvar av sjukeheimane og dei to sjukepleiarane som står sentralt i det nye programmet har i den seinare tid fått etterutdanning i Bergen.

Av Ola Matti Mathisen